

# Læring i Næring 2019/2020

Læring i Næring er eit tiltak som skal være med på å gi ungdom kjennskap til lokalt næringsliv og ulike yrkesretningar. Dette er eit tilbod til motiverte og interesserte ungdommar som går i **9.klasse**. Ungdommane vil få moglegheit til å bli kjend med bedrifter i Suldal, og gjerne danne grunnlaget for utdanningsval. **Praksis vert lagt til fritid, feriar og eventuelt etter skuletid.**

## Organisering av Læring i Næring

- 1. Informasjon:** Onsdag 28.august på Sand Skule kl. 11.55- 13.45  
Bedriftene vil informera kort om bedrifta si og kva type praksisplass dei kan tilby.
- 2. Bedriftsbesøk:** Veke 36- 37  
Interesserte ungdommar får tilbod om å komma på bedrifta for omvisning og nærare orientering. Dette skjer etter skuletid.  
Nokre bedrifter kan velje andre dagar. Nærare informasjon kjem til kvar enkel elev i dei tilfella.
- 3. Søknad:** Innan måndag 16. september, elektronisk til bedrifta  
Ungdommane søker på dei praksisplassane som kan vera interessante.
- 4. Intervju:** Innan 27. september  
Bedrifter tar inn søkarar til samtale innan haustferien tek til.
- 5. Tilsetting:** Før veke 41 (haustferie) som startar frå 05. oktober.  
Ut i frå søkjarane og interesse kan bedrifta tilsette ein ungdom i Læring i Næring. Desse elevane vil få ein individuell arbeidsavtale med bedrifta si. Ingen avtale i Læring i Næring er like. Ungdommane vil få ei prøvetid(ein arbeidsdag). Dersom interessa og motivasjonen for faget og bedrifta forsvinn etter ei stund, kan bedrifta sei opp avtalen med ungdommen som er tilsett. Grunnen er som nemnd at dette primært ikkje er nokon ordinært arbeidsforhold, men ein lære- og praksisplass. Læring i Næring er ein del av yrkesorienteringa til ungdommane som vil lage eit større grunnlag for val dei tek seinare. Spesielt når ein skal søkja på vidaregåande skular eller søker på arbeidspraksis.  
**Eleven må sjølv registrera frikort på [www.skatteetaten.no/person/skatt/skattekort/frikort/](http://www.skatteetaten.no/person/skatt/skattekort/frikort/)**
- 6. Praksis:** Tid og omfang vil variera frå bedrift til bedrift.  
Bedriftene har eit ansvar å følgja opp elevane og gje de den praksisen dei har søkt etter. Ungdommane som vert tilsett i Læring i Næring skal lønast etter fastsette tariffar. Arbeidsavtalen skal gjelde 37,5 timar for kr 80,- pr. time, og utførast innan utgangen av mai 2020.
- 7. Evaluering:** Bedrifter og Ungdommar blir evaluert.  
Ungdommane skal levera inn evalueringsskjema til Læring i Næring. Bedriftene vil bli kalla inn til felles evaluering saman med oss. Bedriftene skriv ut attestar til alle elevane som har fullført arbeidskontrakt på 37,5 time. Attest har ein stor verdi for elevane som viser arbeidspraksis ved framtidig vidare arbeidssøk.

Læring i Næring er ei investering i framtida både for ungdommane og det lokale næringsliv. Læring i Næring skal gi ungdommar moglegheit til å få yrkeserfaring og kjennskap til næringslivet i Suldal. Programmet er ein god moglegheit til å bli rusta til framtidige yrkesval.

Suldal Vekst bidrar også inn i skulen til søknadsskriving saman med kontaktlærarar.

Med helsing

Marit Larsen  
Suldal Vekst AS,  
Tlf: 90684861  
E- post: [marit@suldalvekst.no](mailto:marit@suldalvekst.no)

